



Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Til medlemmane av kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL

Onsdag 27.01.2021 kl. 14.00 på Sula rådhus, møterom 1. etasje

Møtet startar med ei orientering om offentlegheit og meiroffentlegheit i Sula kommune.

SAKLISTE:

- Sak 01/21 Godkjenning av møteboka frå 28. oktober 2020
- Sak 02/21 Meldingar til kontrollutvalet
- Sak 03/21 Orientering etter interimrevisjon ved oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram.
- Sak 04/21 Diskusjon om endring av tema for forvaltningsrevisjon
- Sak 05/21 Kommunal internkontroll
- Sak 06/21 Årsmelding 2020 Sula kontrollutval

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Olav Bjarne Skodje
leiar
(sign.)



GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTE 28. OKTOBER 2021

KONTROLLUTVALET I SULA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 28.10.2020, kl.14.00
Møtestad: Sula rådhus, møterom 4. etasje

Møtet vart leia av Olav Bjarne Skodje.

Elles til stades:
Gunvor Reistad Aannø, Aslak Digernes, Svein Værnes

Meldt forfall: Inger Øien

= 4 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte revisor Torill Roaldseth og forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.

Frå Sula kommune møtte einingsleiar for plan, byggesak og oppmåling, Terje Havnegjerde.

Det var ingen merknader til innkallinga. Sakslista blei godkjent.

Møtet starta med at Terje Havnegjerde gav ei orientering kring spørsmålet om reguleringsplan for gang og sykkelveg på Rørstadmarka. Det blei gjort greie for årsaka til at denne plana måtte ut på ny høyring og korleis administrasjonen hadde vurdert dette. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål og diskutere nærare dei innspela som var komet til kontrollutvalet. Kontrollutvalet valde å ta orienteringa til vitande. Saka skal opp til ny handsaming i Sula kommunestyre 5. november 2020.

SAK 22/20 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 26. AUGUST 2020

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 21. oktober 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenne møteboka frå møte 26. august 2020.

SAK 23/20 PRESENTASJON AV REVISJONSPLAN 2020

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 21. oktober 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sula kontrollutval tek framlagte revisjonsplan 2020 til vitande.

SAK 24/20 REGLEMENT FOR SULA KONTROLLUTVAL – SAK UTSATT FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 26. AUGUST 2020

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 21. oktober 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sula kontrollutval sluttar seg til framlagte forslag til reglement for kontrollutvalet.
Kontrollutvalet sendar saka over til kommunestyret med følgande innstilling til vedtak:

Sula kommunestyre vedtar kontrollutvalet sitt forslag til reglement.

SAK 25/20 OPPFØLGING AV KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK OM PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 21. oktober 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sula kontrollutval bestillar ein prosjektplan innanfor temaet sakshandsaming i barnevernet som grunnlag for ein forvaltningsrevisjon rapport. Prosjektplanen skal leverast på neste møte i Sula kontrollutval (planlagt til onsdag 27. januar 2021) og være grunnlaget for bestilling av endeleg rapport.

SAK 26/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL FOR SULA KOMMUNE

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 21. oktober 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til det framlagte forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2023. Saka sendast kommunestyret med slik innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2020-2023. Første prioritet bør vere å få utarbeid ei eigen eigarskapsmelding for Sula kommune i tråd med ny kommunelov. Kontrollutvalet bør vente med bestilling av eigarskapskontroll til denne meldinga er vedtatt.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.
3. Kontrollutvalet bør prioritere å være med på eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.

SAK 27/20 MØTEPLAN FOR SULA KONTROLLUTVAL 2021

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 21. oktober 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Sula kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2021:

onsdag 27. januar, onsdag 24. mars, torsdag 20. mai, onsdag 1. september, onsdag 17. november

Eventuelt:

Til neste møte ynskjer kontrollutvalet å få ei orientering frå rådmann på korleis Sula kommune praktiserer reglar for både offentlegheit og meiroffentlegheit. Sula kontrollutval er opptatt av at innbyggjarane får best mogleg innsyn i dei sakene som vert handsama og elles ha god tilgang til informasjon og korrespondanse. Kontrollutvalet er også opptatt av å sikre at kommunen har gode rutinar for å svare på ulike førespurnader frå innbyggjarane.

Møtet var slutt kl. 16.15

Olav Bjarne Skodje
Leiar
(sign.)

Gunvor Reistad Aannø
Nestleiar
(sign.)

Aslak Digernes
Medlem
(sign.)

Svein Værnes
Medlem
(sign.)

Sula kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 02/21

Møtedato: 27. januar 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

MELDINGAR TIL KONTROLLUTVALET

Melding nr. 1 sak 115/20 frå Sula kommunestyre

Melding nr. 2 sak 116/20 frå Sula kommunestyre

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval tek meldingane til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Frode Elias Synnes	Arkiv:	K1-216
Arkivsaksnr:	05/2138 20/26762		

Sak frå Sula kontrollutval - Reglement for Sula kontrollutval

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Kommunestyret	19.11.2020	115/20

Kontrollutvalet si innstilling:

Sula kommunestyre vedtar kontrollutvalet sitt forslag til reglement.

Tittel	Dok.ID
særutskrift sak 24 20 frå Sula kontrollutval til kommunestyret	495229

19.11.2020 Kommunestyret

Ved avstemming vart kontrollutvalet si innstilling samrøystes vedtatt.

K-115/20 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtar kontrollutvalet sitt forslag til reglement.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet er eit organ heimla i KommuneLOVA [§ 5-1](#) noko som bl.a. betyr at ein skal ha eit reglement som fastset organet sitt verkeområde og ev vedtaksmynde, tidsperioden som organet er oppretta for, og ev andre sentrale bestemmingar om organet si verksemd, jf kommuneLOVA [§ 5-13](#). Kontrollutvalet sitt mynde og oppgåver går fram av kommuneLOVA [§ 23-2](#).

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har over tid utarbeidd eit forslag til nytt reglement som er oppdatert i samsvar med ny kommuneLOV. I møte 28.10. slutta eit samrøystes kontrollutval seg til framlagt forslag til reglement, og bad samstundes at saka blir oversendt til kommunestyret.

Vurdering:

Kontrollutvalet si innstilling blir som vanleg lagt direkte fram for kommunestyret.

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Frode Elias Synnes	Arkiv:	K1-216
Arkivsaksnr:	05/2138 20/26765		

Sak frå Sula kontrollutval - Plan for eigarskapskontroll for Sula kommune

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Kommunestyret	19.11.2020	116/20

Kontrollutvalet si innstilling:

1. Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2020-2023. Første prioritet bør vere å få utarbeid ei eigen eigarskapsmelding for Sula kommune i tråd med ny kommunelov. Kontrollutvalet bør vente med bestilling av eigarskapskontroll til denne meldinga er vedtatt.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.
3. Kontrollutvalet bør prioritere å være med på eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.

Tittel	Dok.ID
særutskrift sak 26 20 frå Sula kontrollutval til kommunestyret	495230

19.11.2020 Kommunestyret

Ved avstemming vart kontrollutvalet si innstilling samrøystes vedtatt.

K-116/20 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2020-2023. Første prioritet bør vere å få utarbeid ei eigen eigarskapsmelding for Sula kommune i tråd med ny kommunelov. Kontrollutvalet bør vente med bestilling av eigarskapskontroll til denne meldinga er vedtatt.

2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.
3. Kontrollutvalet bør prioritere å være med på eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal etter ny kommunelov utarbeide ein plan for eigarskapskontroll i løpet av det første året etter at nytt kommunestyre er konstituert. Planen skal vere basert på «risiko- og vesentlighetsvurderinger» av kommunen sine eigarinteresse i kommunen sine selskap.

Saksopplysningar:

Vedlagte sakspapir frå kontrollutvalet belyser meir i detalj bakgrunn for saka og utvalet sine vurderingar.

Vurdering:

Kontrollutvalet si innstilling blir som vanleg lagt direkte fram for kommunestyret.



ORIENTERING ETTER INTERIMREVISJON VED OPPDRAKSANSVARLEG REVISOR KATHRIN HARAM

Vedlegg: Interimrevisjon rapport frå Møre og Romsdal Revisjon SA

Bakgrunn:

Interimsrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som forutsett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen til kommunen i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap, og dessutan årsrekneskapen i eventuelle kommunale føretak. Årsrekneskapane skal reviderast før dei blir lagde fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil også oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, til dømes meirverdiavgiftskompensasjon oppgåvene til kommunen.

I møte onsdag 27. januar 2021 vil oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram gje kontrollutvalet ein gjennomgang av interimsrevisjonen 2020. Hennar presentasjon ligg ved saka.

Målsettinga med presentasjonen er ei oppsummering av interimsrevisjonen for kontrollutvalet. Kontrollutvalet bør også undersøke med revisor om desse funna fører til eventuelle endringar for planen av revisjonen av årsrekneskapen 2020.

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

Rapport etter interim 2020

SULA KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALGET

Innledning

Planleggingen av revisjon handler i hovedsak om å forstå og kartlegge risiko for at det kan oppstå vesentlige feil i årsregnskapet.

Forståelsen bygger blant annet på erfaring fra tidligere års revisjon (herunder oppfølgingspunkter fra årsoppgjørrevisjonen 2019), og årlige risikovurderingshandlinger som følger av revisjonsstandardene,

Ved interimsrevisjon legges stor vekt på å oppdatere endringer og kartlegge transaksjoner i sentrale revisjonsprosesser, samt testing av internkontroll som er relevante for disse prosessene.

Denne rapporten tar opp unummererte forhold og/ eller forbedringspotensiale som er observert i interimsrevisjonen, samt andre opplysninger vi tenker kan være til nytte for administrasjonen og kontrollutvalg.

Virksomhetsstyring

- ▶ Sula kommune har gjennomgående et godt IT-kontrollmiljø med høy kompetanse og fokus på sikkerhet (samarbeid esunnmøre)
- ▶ Kartlegging og testing har gitt noen få avvik. Disse er nå avviklart med kommunen.
- ▶ Vi har særlig fokus på rutiner knyttet til at mennesker slutter og at deres tilganger da avsluttes på riktig tidspunkt.
- ▶ Kommunen har i løpet av 2020 innført en ny rutine som gjør at når de ansatte sluttmeldes i systemet så vil de automatisk miste sin AD bruker og vil da heller ikke ha tilgang til å logge inn i systemene.
- ▶ Man har pr dags dato ikke mulighet for å logge inn via webmodulen, men må logge på kommunen sin PC via AD bruker.

Virksomhetsstyring - årsavslutningsprosessen

- ▶ Nye krav til revisjon av budsjettavvik. Presentasjon med administrasjonen i desember og presentasjon for sekretariatene i januar 2021.
- ▶ Bruk av sjekklister for årsregnskap, årsberetning og noter.
- ▶ PBC liste. Følge opp de forhold som ikke var tilstrekkelig ivare tatt fra fjorårets liste.
- ▶ Årsmelding – pliktige forhold skilles ut som årsmelding i årsrapporten

Salgsområdet

- ▶ Ingen endring i kommunenes rutiner eller nøkkelpersonell på salgsområdet.
- ▶ Vi har gått gjennom rutinene i forbindelse med gjennomgang av utestående kundefordringer i forhold til tapsavsetning.
- ▶ Vi har kontrollert korrekt oppholdsbetaling SFO i forhold til vedtak.

Innkjøp/ kostnadsområdet

- ▶ Ingen vesentlige endringer i kommunens rutiner eller nøkkelpersonell på området.
- ▶ Kontrollert om rutiner vedrørende attestasjon og anvisning av fakturaer er fulgt. Ikke avdekket noen avvik.
- ▶ Momskompensasjon
 - ▶ Obs på kostnader som skal viderefaktureres til andre kommuner
 - ▶ Vi mottar god dokumentasjon og eventuelle usikkerhetsmomenter tas opp med revisjonen (av administrasjon) i forkant av gjennomgang. Konstruktiv og åpen dialog.

Driftsmidler/ investeringer

- ▶ Skille mellom drift og investering – ingen vesentlige avvik funnet.
- ▶ Gjennomgang med administrasjonen vedrørende vurdering drift/ investering.
- ▶ Kontrollert om rutiner vedrørende attestasjon og anvisning av fakturaer er fulgt. Ikke avdekket noen avvik.

Lønnsområdet

- ▶ Vi har kartlagt kommunens rutiner og beskrivelse på lønnsområdet.
- ▶ Vi har testet riktige registrerte opplysninger i HRM etter lokale forhandlinger, kapittel 3.
- ▶ Attestasjon og anvisning av reiseregninger og utgiftsrefusjoner fra Expense
- ▶ Kontroll av rutiner ved opplastning av opprykksberegning
- ▶ Kontroll av selskapets månedlige lønnsavstemming (per november).
- ▶ Gjennomgang av rutiner vedrørende avstemming av refusjon
 - ▶ Oppfølgingspunkt fra 2019
 - ▶ Eldre restanser fra 2012-2016 korrigeres i januar 2021, som en del av årsoppgjøret 2020.
 - ▶ Lønnsavdelingen gjennomgår restanse for 2017. Evt krav som ikke er mottatt vil bli sendt NAV i desember 2020 (så de ikke forfaller), evt krav som ikke er reelle ryddes opp i). Følges opp i årsoppgjøret.
 - ▶ Gjennomgang av differanse i krav sendt og refusjon mottatt for 2018 – 2020 skal også gjennomgås - følges opp i 2021.

Overføringsområde

- ▶ Ressurskrevende tjenester anses å være en stor og krevende attestasjon. Revisjonen anbefaler at alle som bidrar med grunndata er kjent med kriteriene i attestasjonen, og at de logiske sammenhengene blir godt vurdert.
 - ▶ Fordeling av timer mellom tjenestemottaker eks deling av nattevakt
 - ▶ Pris pr time
 - ▶ Totalbeløp per avdeling opp mot bokført kostnad i regnskapet.
- ▶ Sjekkliste spillemidler er sendt til kommunen høsten 2020.

Overføringsområde – attestasjon hittil i år 2020

- ▶ Tilskudd til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn
- ▶ Tippemidler Langevåg IL
- ▶ Spillemidler Fiskarstrand Ballbinge
- ▶ Momskompensasjon

Finansområdet

- ▶ Ingen avvik ved testing av kommunens avstemming av minsteavdrag lån.
- ▶ Gjennomgang av tertialrapporter for 2020 og kontrollert at disse er behandlet av kommunestyret.
- ▶ Nytt finansreglement vil bli behandlet i kommunestyret i 1. halvår 2021.

“ Vi vil bidra til at innbyggerne i
vårt distrikt får enda bedre
kommuner å bo i ”

- Møre og Romsdal Revisjon SA



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 04/21

Møtedato: 27. januar 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

DISKUSJON OM ENDRING AV TEMA FOR FORVALTNINGSREVISJON

Vedlegg: notat frå forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.

Bakgrunn:

Kurt Løvoll gjer i notatet godt greie for eit komande tilsyn innanfor barnevernet i Sula kommune utført av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Han ber kontrollutvalet gjere ei vurdering om det kan være aktuelt å skyve på planlagde forvaltningsrevisjon innanfor same område til tilsynet er ferdig og rapport føreligger og om det kan være aktuelt å vurdere andre tema for forvaltningsrevisjon slik kommunestyret har gitt kontrollutvalet mynde til.

Kontrollutvalsekretariatet vurderer det slik at det er viktig at kontrollutvalet sjølve får gjere denne vurderinga og diskutere med Kurt Løvoll kva som er riktig og fornuftig ressursbruk.

I denne type sakar er kontrollutvalsekretariatet bestillar på vegne av kontrollutvalet og kommunerevisjonen utførar av arbeidet. Sekretariatet vil sjølvstilt hjelpe kontrollutvalet med denne diskusjonen på møtet 27. januar.

Saka leggst fram utan tilråding til vedtak men det er viktig at kontrollutvalet tek ein grundig diskusjon på innspelet frå kommunerevisjonen og slik sett ikkje unødvendig utsette oppdraget frå kommunestyret.

Vedlegg frå kommunerevisjonen

Til Sula kontrollutval

Jf. vedtak om prosjektplan for forvaltningsrevisjon

Vi viser til vedtak i Sula kontrollutval 28.10.20, sak 26/20 der kontrollutvalet bestilte ein prosjektplan innanfor temaet sakshandsaming i barnevernet.

I arbeidet med utkast til prosjektplan har vi tatt kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ut frå at dei skal gjennomføre tilsyn av barnevernet i Sula kommune i nær framtid. I e-post frå Heidrum Avdem, seniorrådgjevar hos Statsforvaltaren går det fram:

Her kjem litt informasjon om det planlagde tilsynet i Sula:

Vi varsla tilsynet i Sula den 14.12.20. Dette tilsynet er ein del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens Helsetilsyn. I 2020 gjennomførte vi tilsynet i Volda, Aure og Giske og desse tre rapportane ligg på helsetilsynet si heimeside. Dette tilsynet er omfattande og medfører ekstra arbeid for tenestene. Vi skal gå gjennom dokumentasjon i 20 saker og intervju medarbeidarar, barn og foreldre. Tema for tilsynet er barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingane. Vi skal vurdere om tenesta har undersøkt saka forsvarleg og i tråd med regelverket. Krava der er både knytt til førebuing, planlegging og gjennomføring av undersøkingane, til dokumentasjon av arbeidet og til dei barnevernfaglege og juridiske vurderingane som blir gjort både undervegs i undersøkinga og når sakene blir konkluderte. Tilsynet blir gjennomført som systemrevisjon slik at det også er fokus på kommunen si organisering og styring av arbeidet med sakene. Etter planene skal vi gjennomføre tilsynsbesøk i kommunen i tidsrommet frå den 16. – 18.02.21.

Vi skal jo vera samordna i kontrollen av dei kommunale tenestene og det vil jo vera ei påkjenning for barneverntenesta om forvaltningsrevisjonen kjem om lag på same tid som vårt tilsyn. Våre planar for tilsyn med barneverntenestene i 2021 er lagt inn i tilsynskalenderen og blir gjennomført slik om smittevernomsyn gjer det mogleg.

Vi legg vidare med tilsynsrapport frå tilsvarande tilsyn som nettopp er gjennomført i Giske kommune. Dette seier litt meir om kva Statsforvaltaren vil sjå nærare på.

Etter vår vurdering kan dette sjå ut til å vere eit relativt omfattande tilsyn som tar for seg fleire punkt som kontrollutvalet hadde oppe til diskusjon.

Vi har vidare vore i kontakt med Sula kommune. Barneverntenesta meldar tilbake at:

Som fagleiar i barneverntenesta vurderer eg i samråd med min stedfortredar at det kan vere nyttig med til tilsyn frå forvaltningsprosjektet, der ein har fokus på områda tiltak og omsorgsarbeid. Vi vurderer at statsforvaltninga vil sjå nærmare på oppgåvene våre innanfor melding og undersøking, men ikkje ha noko fokus på sakshandsaminga vi gjer innanfor tiltaksarbeidet og omsorg/ettervern.

Vi ønskjer at ein kan bruke eit tilsyn til å sjå våre utfordringar og forbettringspotensial innanfor desse områda. Vi vurderer sjølv at vi gjer ein god jobb innanfor mange områder, men at vi med dei ressursane vi har ikkje rekk å følgje opp alle våre lovkrav.

Eit tilsyn kan vere ein del av den rapporteringa som barneverntenesta skal ha årleg til kommunestyret jamfør lovendring som trådde i kraft 01.01.21.

I tillegg vil barneverntenesta få auka oppgåver frå 2022 grunna den nye barnevernsreforma.

Men at dei ikkje ønska eit eventuelt «tilsyn» samstundes som statsforvaltninga held på med sitt. Vi ser av rapporten frå Giske at rapport låg føre 3 månader etter at tilsynsbesøket var gjennomført

Etter avtale med KU-sekretariatet sender vi derfor over dette notatet slik at Sula kontrollutval kan vurdere av om det er fornuftig å gå vidare med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet no, eller om det kan vere meir fornuftig å gå vidare med eit anna forvaltningsrevisjonsprosjekt og eventuelt vente med dette prosjektet til rapport frå Statsforvaltaren ligg føre. Plan for forvaltningsrevisjon hadde følgande vedtak:

1. *Sula kommunestyre godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2023 med følgende prioriterte fokusområder:*
 1. *Sakshandsaming i barnevernet*
 2. *Oppfølging av rutinar for offentlege innkjøp*
 3. *Økonomistyring i pleie- og omsorgstenesta*
2. *Sula kommunestyre gir kontrollutvalet mynde til å forea endringer av planen i perioden viss det er naudsynt.*

Venleg helsing
Møre og Romsdal Revisjon SA

Kurt Løvoll

Nestleiar/Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

Helsetilsynet / Tilsyn / Tilsynsrapporter / Møre Romsdal / 2020

TILSYNSRAPPORT

Tilsyn med barnevernetenesta i Giske sitt arbeid med undersøkingar 2020

Tidsrom for tilsynsbesøket:

01.09.2020 – 03.09.2020

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

08.12.2020

Innholdsfortegnelse

1. Tema og omfang for tilsynet
2. Aktuelt lovgrunnlag
3. Faktagrunnlag
4. Vurdering
5. Fylkesmannen sin konklusjon
6. Oppfølging av lovbrota som er avdekt

Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

Alle tilsynsrapporter fra dette landsomfattende tilsynet

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med barneverntenesta i Giske den 01.09.2020 til 03.09.2020. Vi undersøkte om barnevernet sitt arbeid med undersøkingane av barnevernssakene er forsvarleg og i samsvar med dei aktuelle lovkrava slik at barna får trygge og gode tenester. Tilsynet vart gjennomført som eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn. Vi sendte utkast til rapport til kommunen den 02.11.20 og fekk svar den 24.11.20. Kommunen sine tilbakemeldingar er innarbeidd i tilsynsrapporten så langt det let seg gjera.

Fylkesmannen sin konklusjon

Tilsynet avdekte manglar i planlegging, gjennomføring og avslutning av undersøkingane og i barneverntenesta sin dokumentasjon av arbeidet. Tilsynet avdekte vidare at barneverntenesta ikkje vurderer kva som er best for barnet i barnevernssakene. Dette er i strid med barnevernlova § § 1-4 og 4-1.

Kommunen skal rette manglane og kontrollere at praksis i tenesta sitt arbeid med undersøkingane blir endra. Kommunen skal gje tilbakemelding om planane for dette den 15.01.21 og kontrollen og den 01.06.21.

1. Tema og omfang for tilsynet

Fylkesmannen har i dette tilsynet særleg undersøkt om barneverntenesta har

- planlagt undersøkinga i samsvar med innhaldet i meldinga og eventuelt tidlegare undersøkingar eller kontakt med familien
- sørga for at innhaldet i undersøkinga, omfanget og framdrifta er i samsvar med alvoret i situasjonen for barnet
- gjort relevante barnevernfaglege og juridiske vurderingar både undervegs og til slutt i undersøkinga
- konkludert undersøkinga i samsvar med dei vurderingane som er gjort

Tilsynet har omfatta undersøkingar av situasjonen til barn som budde heime da barneverntenesta fekk bekymringsmeldinga og gjeld altså barn under 18 år som bur i biologisk familie, adoptivfamilie eller er plassert hos andre utan at barneverntenesta har medverka til det. Tilsynet er gjennomført som systemrevisjon. Det inneber at Fylkesmannen har ført tilsyn med korleis kommunen styrer og kontrollerer at barneverntenesta oppfyller dei aktuelle lovkrava i arbeidet sitt. Barn og foreldre sine synspunkt og erfaringar frå undersøkingane i barnevernet gjev viktig informasjon både om kvaliteten på tenestene og om korleis kommunen praktiserer brukarmedverknad. I dette tilsynet har vi difor også intervjuet eit utval av foreldre og barn.

2. Aktuelt lovgrunnlag

Fylkesmannen har ansvar for å føre tilsyn med den kommunale barneverntenesta etter barnevernlova § 2-3 b. Eit tilsyn er kontroll av om drifta i verksemda er i samsvar med reglane i lov og forskrifter. Krava som er lagt til grunn for dette tilsynet kan oppsummerast slik: Barneverntenesta har rett og plikt til å undersøke saka når ein vurderer at det er «rimelig grunn til å anta» at det ligg føre forhold som kan gje grunnlag for tiltak etter barnevernlova kapittel 4. Formålet med undersøkinga er å vurdere og konkludere om barnet lever i ein omsorgssituasjon som kan gje grunnlag for barneverntiltak. Det er reglar i barnevernlova (bvl.) og i forvaltningslova (fvl.) som set krav til undersøkingane.

Forsvarlege tenester

Det går fram av bvl. § 1-4 at alle tenester og tiltak etter barnevernlova skal vera forsvarlege. Denne regelen har eit heilskapleg utgangspunkt og må tolkast i samanheng med dei andre reglane i lova, for eksempel prinsippet om barnet sitt beste. Saksbehandlingsreglane i barnevernlova og forvaltningslova gjev også rettleiing for kva som er ei forsvarleg undersøking

2010/2021

Bvl. § 1-4 omfattar vidare organiseringa og leiinga av arbeidet og det er nær samanheng mellom dette kravet og kravet i bvl. § 2-3 tredje ledd om internkontroll for å sikre at oppgavene blir utført i samsvar med lovkrava.

Rett til medverknad

Barnet har rett til å bli høyrte i samsvar med bvl. § 1-6. Regelen gjev barn i barnevernsaker ein ubetinga og sjølvstendig rett til å medverke. Retten gjeld både for sjølvne beslutningsprosessen og i alle andre forhold som gjeld barnet, ikkje berre når ein skal ta rettslege eller administrative avgjerder. Dette inneber at barneverntenesta har plikt til å legge til rette for at barnet skal kunne medverke og dermed sikre at barnet får oppfylt sin rett til medverknad i undersøkingane. Retten til å medverke i eiga sak inneber ikkje at barnet har plikt til å medverke. Prinsippet om barnet sitt beste heng nært saman med barnet sin rett til å medverke. Formålet med medverknad er at barnet si meining om eigen situasjon skal vere med som ein del av grunnlaget i barnevernet si vurdering av kva som er barnet sitt beste i alle avgjerder under undersøkinga.

Barnet sitt beste

Prinsippet om barnet sitt beste går fram både av barnekonvensjonen artikkel 3 og Grunnlova § 104. Barnet sitt beste skal vera eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjerder som gjeld barn. I barnevernlova er prinsippet nedfelt i § 4-1 der det går fram at det skal leggjast avgjerande vekt på å finne tiltak som er til beste for barnet. Regelen slår også fast at det i denne vurderinga skal leggjast vekt på å gje barnet stabil og god vaksenkontakt og kontinuitet i omsorga. Prinsippet utgjer ein sjølvstendig rett for kvart barn. Det skal også leggjast vekt på barnet sitt beste når andre lovreglar skal tolkast og prinsippet er ei retningslinje for saksbehandlinga i alle saker som gjeld barn.

Samarbeid med foreldra

Foreldra har sjølvstendige rettar i undersøkingssaker som gjeld dei. Foreldre som er part i saka, har rett til å uttale seg etter fvl. § 17. Barnevernet skal i utgangspunktet legge fram alle opplysningane som dei får i undersøkinga slik at foreldra kan uttale seg. Barneverntenesta bør også gjera foreldra kjent med andre opplysingar som er av vesentleg betydning for saka i samsvar med fvl. § 17. Etter bvl. § 1-7 skal barnevernet utføre arbeidet sitt med respekt for og så langt som mogleg i samarbeid med barnet og barnet sine foreldre.

Nærare krav til undersøkinga

Barneverntenesta skal sikre at faktum i saka er klarlagt så godt som mogleg før det blir gjort vedtak i saka jf. fvl. § 17. Dette inneber at alle relevante sider av saka må kome fram.

Barneverntenesta må vurdere om opplysningane i undersøkinga er riktige. Barneverntenesta må gjera ei konkret vurdering av innhaldet i meldinga og ev. annan informasjon i saka for å avgjera kor omfattande undersøkinga skal vera. I denne vurderinga er moment som grad av alvor, hast og kompleksitet viktige. Bvl § 4-3 andre ledd slår fast at undersøkinga skal gjennomførast slik at den er til minst mogleg skade for den saka gjeld. Den skal ikkje vera meir omfattande enn formålet tilseier. Foreldra eller den barnet bur hos, kan ikkje setja seg i mot at det blir gjennomført ei undersøking ved besøk i heimen, jf. bvl. § 4-3 tredje ledd. Barneverntenesta kan også engasjere sakkyndige, jf. bvl. § 4-3 fjerde ledd. Etter bvl. § 6-4 femte ledd skal barneverntenesta innhente opplysningar i samarbeid med foreldra. Innhenting av opplysningar fra andre forvaltningsorgan og helsepersonell er omfatta av teieplikta og barneverntenesta må enten ha gyldig samtykke frå foreldra, jf. fvl. § 13 a nr. 1 eller ein lovheimel som gjev unntak frå teieplikta for å innhente slike opplysingar. Barneverntenesta kan pålegge offentlege

myndigheiter m.fl. å gje opplysningar som er underlagt teieplikt i dei situasjonane som går fram av bvl. § 6-4. Undersøkingar skal i følge bvl. § 6-9 gjennomførast snarast og seinast innan tre månadar. I særlege tilfelle kan undersøkingane utvidast til seks månader.

Dokumentasjon

Det er god forvaltningsskikk å sørge for at dokumentasjonen i sakene er tilstrekkeleg og påliteleg, slik at ein kan gjera greie for kva som er gjort i saka og grunngjevinga for dette. Dokumentasjonsplikta følgjer også av kravet om forsvarlege tenester og plikta til internkontroll.

Både avgjerder om å innvilge hjelpetiltak og om å henlegge ei sak etter undersøking er enkeltvedtak etter forvaltningslova, jf. bvl. § 6-1 andre ledd og § 4-3 sjette ledd. Dette inneber at vedtaket skal grunngjevast i samsvar med reglane i fvl. §§ 24 og 25. I tillegg skal det etter bvl. § 6-3a gå fram av vedtaket kva som er barnet sitt synspunkt, kva slags vekt ein har lagt på dette og korleis barnevernet har vurdert kva som er best for barnet i denne saka.

Krav til styring og leiing

Kravet til leiing, organisering og styring er eit viktig element i kommunen sitt ansvar for å gje forsvarlege tenester. I barnevernlova § 2-1 andre ledd er det slått fast at «kommunen skal ha internkontroll for å sikre at den utfører oppgavene sine i samsvar med krav fastsatt i lov og forskrift.

Kommunen må kunne gjøre rede for hvordan den oppfyller kravet til internkontroll.» Det er gjort nærare greie for dette i forskrift om internkontroll for kommunen sine oppgåver etter lov om barneverntjenester §§ 3 til 5.

Det går fram av bvl. § 2-1 sjuande ledd at kommunen også skal sørge for at dei tilsette som gjennomfører undersøkingar i barneverntenesta har tilstrekkeleg kompetanse til å utføre dette arbeidet på ein forsvarleg måte. Kommunen har ansvar for å gje nødvendig opplæring ved behov.

3. Faktagrunnlag

Barneverntenesta i Giske er organisert i Eining barn, familie og helse. Gretha Giske er leiar for avdelinga og Lene Bjørlo Overå er ansvarleg kommunalsjef. Ragnhild Jønland Strand er barnevernleiar i Giske. Barneverntenesta har totalt 8 stillingar. I tida før tilsynet hadde tenesta av ulike gunnar hatt fleire vakansar og ein del sjukefråvær. Barneverntenesta i Giske er med i Forandringsfabrikken sitt prosjekt «Mitt Liv».

I alle intervjuar kom det fram at tenesta har hatt særlege utfordringar som hadde prega arbeidssituasjonen og arbeidsmiljøet negativt den siste tida. Kommunen hadde nå gjort konkrete endringar. Alle forventa at dette ville gje positive effektar i tenesta i tida framover.

Alle som arbeider i barneverntenesta er tilsett etter 2015. Tre medarbeidarar hadde arbeidd i tenesta i ca. 4 år. Fem hadde vore tilsett i 1 ½ år eller kortare. Av dei som var tilsette i fagstillingar, hadde seks barnevernfagleg kompetanse og to annan relevant utdanning. Fleire av medarbeidarane hadde relevant vidareutdanning og fleire har arbeidserfaring frå andre

tenester for barn og unge. Barnevernleiar deltek for tida i KS si opplæring for operativ barnevernleiing. Tenesta har kompetanseplan som er datert den 12.06.18. Måla i planen blir evaluert og justert kvart år.

Dei tilsette i tenesta er generalistar slik at alle medarbeidarane arbeider med undersøkingane. Det inneber at alle har hovudansvar for kvar sine saker. Dei kan be om å få forsterking frå ein annan saksbehandlar. Kontoret har fast kollegarettleiing annankvar veke men ikkje eit fast system for opplæring av nyttilsette. Fleire opplyste at dei fekk opplæring da dei var nye ved at dei fekk vera med andre i arbeidet. Det vart opplyst at dei tilsette hadde faste avtalar med barnevernleiar. Medarbeidarane og leiar kunne be om saksdrøftingar ved behov. Alle ga uttrykk for at det var lav terskel for å be om hjelp med sakene og at dei alltid kunne drøfte ulike problemstillingar på barnevernmøta.

Barnevernleiar starta i stillinga i februar 2019 og ho har alle fullmakter til å gjera vedtak etter barnevernlova. Når ho har ferie/fråvær, er det leiar for eining barn, familie og helse Gretha Giske som fungerer som barnevernleiar. Ein barnevernkonsulent er tillagt eit meiransvar som inneber at ho kan få vidaredelegert ansvar når begge leiarane er fråverande. Avdelingsleiar støttar seg på denne barnevernkonsulenten når ho fungerer som barnevernleiar.

I 2019 var det i alt 1957 barn mellom 0-17 år i Giske kommune. Barneverntenesta hadde ulike tiltak overfor 92 barn (4,7 % av barnetalet) og omsorga for 12 barn. Det var registrert 88 meldingar dette året. Tenesta avslutta 89 undersøkingar. Det vart konkludert med henlegging i 40 av sakene. Tenesta hadde 4,7 % brot på tidsfristane.

Vi har gått gjennom dei 24 siste undersøkingane som var gjennomført da tilsynet vart varsla. Desse sakene gjaldt 16 familiar.

Arbeidet med undersøkingane

Barneverntenesta har skriftlege rutinar for «*mottak og handsaming av bekymringsmelding*» og «*gjennomføring av undersøkingssak*» som er oppdatert den 07.08.20. Informasjonen frå tilsynet tilseier at tenesta i grove trekk arbeider slik med undersøkingane:

Merkantil medarbeidar registrerer alle nye meldingar i fagprogrammet Familia. Barnevernleiar får informasjon om at meldinga er motteken og vurderer i kor stor grad det hastar å avklare meldinga. Barnevernleiar og ein medarbeidar vurderer alle nye meldingar i meldingsmøte kvar måndag. Det er laga ein plan for når dei ulike medarbeidarane skal vera med på dette. Saker som skal undersøkast, blir teke opp i barnevernmøte neste dag. Her blir saka fordelt til saksbehandlar. Saka blir drøfta og det blir gjort ei avklaring på korleis undersøkinga skal gjennomførast. Rutinen «*gjennomføring av undersøkingssak*» framstiller konkrete aktivitetar som skal gjennomførast i alle undersøkingar. Det er m.a. fyrstegongssamtale med familien, undersøkingsplan, informasjon frå andre instansar, midtvegs- og sluttevaluering i barnevernmøte. Sluttevalueringa skal gje svar på om saka er undersøkt i tråd med meldinga, hypotese og plan, om saka er belyst godt nok og det skal konkluderast med henlegging eller tiltak.

Tenesta har utarbeidd ulike standardiserte malar for arbeidet med undersøkingane. Det er skjema for

- Skjema for samtykke til tverrfagleg samarbeid
- Standardbrev oppmøding om uttale i samband med barnevernsak
- Sluttrapport i undersøkingssak – (18 punkt som avsluttar med «Barnevernet si samla vurdering» og «Konklusjon»)

Skjemaet for «*Gjennomgang av melding*» inneheldt kontaktinformasjon om familien, innhaldet i meldinga og tenesta sin hypotese/konklusjon. Skjemaet var fylt ut i alle sakene. Teksten i punktet «*hypotese/konklusjon*» var i dei fleste sakene formulert som ein generell konklusjon av at vilkåra for tiltak i bvl § 4-4 truleg var til stades slik at saka måtte undersøkast. Det gjekk ikkje fram korleis barnevernet hadde vurdert meldinga ut over dette. Det var berre unntaksvis formulert hypotesar om kva slags tilhøve det var grunn til å tru at barnet levde under og som dermed måtte undersøkast nærare.

Saksbehandlar hadde ansvar for å gjennomføre undersøkinga innan tidsfristen. Undersøkingane starta med at det vart laga plan i samarbeid med foreldra. Undersøkingssplanane klargjorde kva slags aktivitetar som skulle gjennomførast og når det skulle skje. I dei fleste planane var det ikkje konkretisert nærare kva slags tilhøve som skulle undersøkast.

Barnevernet nytta skjemaet «*Samtykke til tverrfaglig samarbeid*» for å få samtykke frå foreldra om å innhente informasjon frå andre instansar. Dei nytta så malen «*Oppmøding om uttale i samband med barnevernssak*» for å sende skriftleg førespurnad om dette til dei aktuelle instansane. Denne malen har sju hovudpunkt med mange underpunkt. Det vart opplyst at informantane sjølve kunne tilpasse kva slags informasjon dei ville gje til barnevernet.

Omlag 1/3 av familiene hadde vore i kontakt med barnevernet tidlegare. I intervjuet kom det fram at ein ikkje alltid aktivt nytta informasjon frå det tidlegare arbeidet når sakene skulle undersøkast på nytt.

Det var stor variasjon i dokumentasjonen av den skriftlege avslutninga av undersøkingane. I 14 av sakene hadde ein nytta malen for «*Sluttrapport i undersøkingssak*». Denne malen inneheldt 18 punkt og det var lagt opp til at ein både skulle samanfatte fakta frå undersøkinga og avslutte med ei samla vurdering og konklusjon. Nokre av rapportane var tilpassa til den konkrete undersøkinga slik at ein hadde teke ut dei punkta som ikkje var relevante. I andre sluttrapportar var berre hjelpeteksten synleg i fleire av punkta. I mange av rapportane var det lagt inn vurderingar under punkt som skulle framstille fakta frå undersøkinga og omvendt. Nokre rapportar frå undersøkingar i familiar med fleire barn var identiske for alle barna også på dei punkta som gjaldt konkret informasjon om barnet. Punktet «*Barnevernet si samla vurdering*» mangla i fleire av sluttrapportane. I dei fleste sakene der dette var fylt ut, var innhaldet i stor grad repetisjonar av fakta. I tillegg gjekk det fram korleis dei oppfatta foreldra og barnet og korleis samarbeidet i undersøkinga hadde vore.

I nokre av sakene der det ikkje var sluttrapport, var situasjonen til familiene endra slik at det ikkje var aktuelt å gjennomføre undersøkinga som først tenkt.

Over halvparten av sakene som vart gjennomgått i tilsynet vart henlagt etter undersøkinga. Det var forslag om hjelpetiltak i fleire av desse sakene. I nokre saker vart dette ikkje følgt opp fordi foreldra ikkje ønskte hjelp. Det gjekk ikkje fram av desse sakene om det var vurdert å ev. pålegge hjelpetiltak eller å henlegge meldinga med bekymring slik at ein ev kunne gjera ny undersøking etter 6. månader. Det gjekk heller ikkje fram om ein hadde vurdert kva slags verknader det ville få for barna at tiltaket ikkje vart sett i verk.

Det mest brukte tiltaket var råd og rettleiing til foreldra enten av barnevernet eller av andre i eining barn, familie og helse. Nokre barn fekk tilbod om å delta i generelle, forebyggande gruppeaktivitetar i avdelinga.

Det var fatta skriftlege vedtak i alle sakene.

Medverknad

Det var dokumentert i journalen at det var snakka med barna i dei fleste sakene. I fleire saker var det nytta egne verktøy som «Nettverkskart» og «Dette passar meg» for å få meir konkret informasjon om korleis barna opplevde situasjonen sin. Det var ikkje dokumentert korleis barnevernet nytta informasjonen dei fekk i denne kartlegginga vidare i undersøkinga.

Foreldra var involvert i heile undersøkingsprosessen. Dette vart stadfesta av dei foreldra som vi snakka med.

Dokumentasjon

Barneverntenesta førte fortløpande journal frå arbeidet med undersøkingane. Det var dokumentert i dei fleste journalane at det hadde vore gjennomført midtvegsevaluering og sluttevaluering i barnevernsmøta og at det hadde vore drøftingar med barnevernleiar undervegs i undersøkinga. Det mangla likevel i stor grad informasjon om kva som hadde vore tema i drøftingane. Det var ikkje alltid klart kva som var fakta og kva som var vurderingar i journalane. Det gjekk heller ikkje alltid fram korleis informasjon som var innhenta vart nytta vidare i undersøkingane.

Styring og leiing

Barnevernleiar følgde med i framdrifta av sakene og sikra behandling i samsvar med tidsfristane. Dei tilsette stadfesta dette. Det var rapportering til kommunestyret om dette og om økonomi.

Det kom fram i enkelte saker at ein hadde trekt konklusjon i undersøkinga før ein hadde vurdert all informasjon ein hadde bede om. Det kunne sjå ut som at enkelte saker var avslutta i møte med saksbehandlar og foreldra før undersøkinga formelt var fullført.

Barneverntenesta hadde ikkje system for å registrere lovbrøt eller avvik frå interne rutinar i arbeidet med undersøkingane. Det kom fram at dette er ei utfordring innan fleire tenesteområde i kommunen og at ein arbeider for å finne løysingar for å sikre dette i framtida.

4. Vurdering

Arbeidet med undersøkingane

Undersøkingane skal sikre at barn som lever under forhold som kan vera skadelege får naudsynt omsorg og hjelp. Tiltaka i barnevernet skal vera effektive slik at situasjonen for barnet faktisk blir endra. Undersøkingane må derfor gje treffsikker kunnskap om kva som er behovet til kvart barn slik at ein har grunnlag for å fatte vedtak i samsvar med krava i barnevernlova §§ 1-1 og 4-1. Den første gjennomgangen av meldingane skal både avklare kor alvorleg meldinga er, i kor stor grad den hastar og om meldinga gjev grunnlag for undersøkingar. Barnevernssaker er

oftast kompliserte. Når barnevernet skal starte undersøkingar, må dei difor vurdere alle bekymringsfulle forhold i meldinga og avgjera kva som må undersøkast. Denne avklaringa skal legge føringar for arbeidet vidare.

Det vil variere frå sak til sak kor omfattande denne avklaringa må gjerast. I enkelte saker kan det vera nok å formulere ei enkel hypotese. I andre saker er det fleire forhold og samanhengar som må undersøkast. I ein del saker gjev undersøkinga ny informasjon som gjer at ein må undersøke andre forhold enn det som kom fram i meldinga.

Barneverntenesta sine rutinar for arbeidet med undersøkingane var oppdaterte og alle sakene var behandla etter ein einskapleg struktur. Meldingane vart gjennomgått og vurdert straks etter at dei var mottekne. Arbeidet i denne fasen avklarte om det var grunnlag for å undersøke saka. I dokumentasjonen går det berre unntaksvis fram kva slags tilhøve det var grunn til å undersøke spesielt. Kvar saksbehandlar kan da ha fått for stort ansvar for å tolke meldingane og avgjera kva som skal undersøkast. Dette gjev risiko for at undersøkingane ikkje blir planlagt og styrt slik som barnevernlova krev og det kan bli tilfeldig kva som blir undersøkt. Ein slik praksis vil også gjera det vanskeleg å kontrollere i ettertid om undersøkingane har vore tilstrekkelege. Risikoen er særleg stor i ei teneste der ein stor del av medarbeidarane har lite erfaring frå kommunalt barnevernsarbeid.

Undersøkingane må vera så gode at barnevernet får nok og systematisert kunnskap til å setja inn riktige tiltak. Tenestene må difor sikre kontinuitet i arbeidet med kvar familie og nye meldingar må sjåast i lys av kunnskap som barnevernet eventuelt har frå tidlegare kontakt med familien. Informasjonen frå intervju og saksdokument tilseier at tenesta ikkje hadde innarbeidde arbeidsmåtar som sikra dette.

Dokumentasjonen frå avslutninga på undersøkingane viste m.a. at dei fleste sakene mangla ei heilskapleg barnevernfagleg oppsummering av omsorgssituasjonen til barnet. Grunnlaget for å setja i verk tiltak var dermed svært mangelfullt dokumentert. Dokumentasjonen var også prega av at fakta og vurderingar var blanda saman. Vi vurderer at dette vil gjera det vanskeleg både å sikre at familiene skal forstå kva barnevernet har meint og å etterprøve om undersøkingane har vore forsvarlege. Grunngevingane for vedtaka var heller ikkje så presise at desse manglane vart retta opp der.

Dokumentasjon

Barne- ungdoms og familiedirektoratet har den 18.06.20 gjeve ei presisering av vilkåra for at barneverntenesta kan pålegge andre offentlege tenester å gje informasjon som er underlagt teieplikt. Det går fram her at ein både må vise til heimel i barnevernlova, gjera greie for det faglege behovet for slik informasjon og konkretisere kva slags informasjon ein treng.

Barneverntenesta sitt standardbrev for å innhente informasjon vart i hovudsak nytta rutinemessig utan tilpassingar i alle sakene. Denne praksisen kan føre til at ein ikkje får presis informasjon om meldingane og at ein får opplysningar om andre tilhøve enn det saka gjeld. Vi fann konkrete døme på at forhold i meldingane ikkje vart undersøkt nærare og at ein hadde fått informasjon som ikkje vart nytta vidare i undersøkingane.

Det var ei felles forståing i tenesta at arbeidet og aktiviteten i sakene skulle dokumenterast fortløpande i journalen. Alle oppfatta at drøftingane på barnevernsmøta var viktige stopp-punkt der tenesta gjorde dei faglege vurderingane. Innhaldet i desse drøftingane mangla eller var mangelfullt dokumentert i sakene. Dette gjaldt til dømes korleis viktig informasjon om barnet sin

omsorgssituasjon faktisk var vurdert og korleis ein hadde vurdert konsekvensane for barnet i saker som vart henlagt utan hjelpetiltak. Dokumentasjonen var også prega av at det ikkje var tydeleg skille mellom kva som var fakta og kva som var tenesta sine vurderingar.

Medverknad

Barn har rett til å bli høyrte i barnevernssakene og barnevernet skal ha gode grunnar til å gjera unntak frå dette. Unntak må i tilfelle både grunngjevast og dokumenterast. Barnevernet hadde snakka med dei fleste barna, men i mange av sakene var det ikkje dokumentert at samtalene gjaldt dei konkrete tilhøva som meldingane tok opp. I nokre saker hadde barna gjeve viktig informasjon om situasjonen sin utan at det gjekk fram at det vart følgt opp vidare i undersøkinga. I dei sakene der ein ikkje hadde snakke med barna, var dette ikkje grunngjeve nærare. På denne bakgrunnen vurderer vi at det er grunn til å stille spørsmål ved om barna har hatt reell medverknad i enkelte av undersøkingane.

Det var dokumentert at foreldra hadde vore involvert i alle fasar av undersøkingane. Dette gjaldt også foreldre utan dagleg omsorg som budde andre stader i landet. Dei foreldra vi snakka med, stadfesta dette.

Barnet sitt beste

Ei analyse av barnet sitt beste skal vera innarbeidd i alle saker i barnevernet. Her må dei ulike omsyna i saka vegast opp i mot kvarandre og mot korleis dei verkar inn på situasjonen til barnet. Det var ikkje vurdert kva som var best for barnet i nokon av sakene vi gjekk gjennom. Dette er i strid med lovkrava.

Styring

Fylkesmannen har merka seg at tenesta er i ein særleg utfordrande situasjon både pga av interne tilhøve som har prega organisasjonen den siste tida og fordi heile tenesta er skifta ut over eit kort tidsrom slik at mange medarbeidarar har relativ lite erfaring. Vi vurderer at dette stiller ekstra store krav til leing av tenesta.

Vi vurderer at barneverntenesta har arbeidsmåtar der barnevernleiar følgjer arbeidet med undersøkingane tett både gjennom formelle stopp-punkt og gjennom dialog med dei enkelte medarbeidarane. Vi har avdekt svikt på fleire område i arbeidet med undersøkingane. Det kom ikkje fram informasjon om at sviktområda var fanga opp i kommunen sine eigne kontrollsystem. Dette gjev grunn til å stille spørsmål ved om styringssystema i tenesta er gode nok.

Vi har merka oss at kompetanseplanen for barneverntenesta ikkje er oppdatert i forhold til dei som arbeider i tenesta i dag. Tiltaka i kompetanseplanen er ikkje retta spesifikt mot sviktområda som er avdekt i dette tilsynet.

5. Fylkesmannen sin konklusjon

Tilsynet har avdekt at korkje den første gjennomgangen av meldingane eller planane for undersøkingane ga konkrete avklaringar på kva som skulle undersøkast i kvar sak. Dette utgjør ein risiko for at undersøkingane ikkje blir gjennomført så planmessig og presist som barnevernlova krev. Informasjonen som vart innhenta, var ikkje tilpassa behova i kvar enkelt

sak. Tenesta nytta heller ikkje informasjonen frå tidlegare arbeid med familiane i arbeidet. Barnevernfaglege vurderingar frå ulike fasar av undersøkinga var i liten grad dokumenterte og det mangla avsluttande oppsummering av relevante forhold i undersøkinga i dei fleste sakene. Desse manglane inneber at undersøkingane ikkje var forsvarlege og dermed i strid både med bvl. § 1-4, med god forvaltningsskikk og med internkontrollforskrifta. Barnevernet hadde ikkje vurdert kva som var best for barnet i nokon av sakene. Dette er i strid med barnevernlova § 4-1.

6. Oppfølging av lovbrota som er avdekt

Tilsynet har avdekt praksis som er i strid med barnevernlova og som difor må rettast før tilsynet kan avsluttast. I møte den 03.12.20 har vi gjort avtale med kommunen om at dei innan den 15.01.21 skal skriftleg informere Fylkesmannen om kva slags tiltak som blir gjennomført for å sikre dette. Vi avtala vidare at kommunen skal gjera ein særleg kontroll av følgjande tilhøve i 10 saker som er undersøkt 1. halvår 2021:

- Den første gjennomgangen av meldinga skal gje føringar for kva som skal undersøkast.
- Det er laga konkrete planar både for kva som skal undersøkast og korleis det skal gjerast.
- Innhenta informasjonen er tilpassa kvar enkelt sak.
- Undersøkingane er avslutta med ei vurdering av situasjonen til barnet der det er lagt vekt på alle tilhøve som er kome fram i undersøkinga.
- Undersøkinga slår fast kva som er best for barnet og dette er vurdert opp i mot andre omsyn i saka.
- Undersøkinga er dokumentert fortløpande i journalen.

Vi ber om tilbakemelding frå kommunen sin kontroll innan den 01.06.21.

Med helsing

Liv Aasen (e.f.)
Fung. ass. direktør

Heidrunn Avdem
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

Varsel om tilsynet vart sendt 04.03.2020. Tilsynet måtte utsetjast og nytt varsel vart sendt den 27.05.20. Tilsynsbesøket vart gjennomført ved i lokala til barnevernet i Giske og starta med eit informasjonsmøte 01.09.19. Vi hadde oppsummerande møte med gjennomgang av funn frå tilsynet den 03.09.2020. Den 03.12.20 hadde vi møte med avdelingsleiar Gretha Giske, barnevernleiar Ragnhild J. Strand og barnevernkonsulent Signe Grønningssæter for å avtale korleis kommunen skal arbeide for å rette lovbrota som vart avdekt.

I tilsynet har vi gått gjennom saksmapper frå dei 24 siste undersøkingane som var avslutta før tilsynet vart varsla. 5 av sakene gjaldt familiar med fleire barn slik at undersøkingane omfatta 16 familiar. Vi har i tillegg gått gjennom følgjande dokumentasjon:

- Organisasjonskart for kommunen
- Vidaredelegering av fullmakter til barnevernleiar
- Årsrapport 2019
- Kompetanseplan for barnevernstenesta 2018 -2024
- Saksdokument i orienteringssak om Status drift helse og omsorg 2020 og rekneskapsoversyn
- Oppdaterte rutinar for mottak og handsaming av bekymringsmelding og for gjennomføring av undersøkingssak
- Kontaktinformasjon til foreldre og barn til tilsynet
- Kontaktinformasjon til tilsette i barnevernstenesta

Ikke publisert her

Vi intervjuar to foreldre og eit barn i dette tilsynet.

Desse deltok frå Fylkesmannen:

- seniorrådgivar Ingvild Erikssen Mittet, revisor
- rådgivar Eli Landrø, revisor
- seniorrådgivar Heidrunn Avdem, revisjonsleiar

Alle tilsynsrapporter fra dette landsomfattende tilsynet

2020–2021 Undersøkelser i barnevernet



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 05/21

Møtedato: 27. januar 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal/ Kjetil Kvammen

KOMMUNAL INTERNKONTROLL

Vedlegg: Utskrift av kommunelova §§ 25-1 og 25-2

Bakgrunn:

1. Kva er internkontroll?

Internkontroll er ein del av kommunen sin eigenkontroll. Den eigenkontrollen som **kontrollutvalet** og **revisjonen** utfører vert styrd av kommunen sine folkevalde, medan internkontrollen vert leia av **kommunedirektøren**.

Målsetjinga for internkontrollen er at administrativ drift skal gå føre seg i samsvar med lova og anna regelverk. Gjennom internkontrollen vert det vidare lagt til rette for at administrasjonen skal vere gjenstand for ein trygg kontroll.

Internkontrollen gjeld altså kommunen sin administrasjon, dvs. alle aktivitetar som ikkje inngår som ein del av dei folkevalde sine oppgåver og roller.

Ein god internkontroll vil automatisk redusere trongen for tilsyn frå staten. Slike eksterne tilsynsfunksjonar kan då i større grad verte utførde som kontroll av kommunen sin internkontroll (systemrevisjon) i staden for tilsyn basert på enkelthendingar. Et godt system for internkontroll styrker difor det kommunale sjølvstyre.

Kommunedirektøren delegerer i stor grad mynde til dei tenesteutøvande sektorane i kommunen. Dette føreset at det er etablert rutinar og system som sikrar forsvarleg styring og kontroll. Dersom dette manglar, vil kommunedirektøren ikkje ha tilstrekkeleg kontroll med tenestene i sektorane slik at f.eks. lovbrøt lettare kan bli oversett, problemområde blir ikkje avdekka, ein set ikkje i verk tiltak for forbedringar og borgarane får kanskje ikkje den kvaliteten på tenestene som dei har krav på.

2. Ny kommunal lovgjeving om internkontroll frå 1. januar 2021

Det er kapittel 25 i den nye kommunelova som samla regulerer kravet om internkontroll og kommunen sine plikter på dette området. Eit av føremåla med ny lovgiving var å samle reglane for slik kontroll og gjere dei tydelegare, lettare tilgjengeleg og enklare å praktisere.

De nye reglane innfører minimumskrav til internkontroll. Det betyr at lova ikkje er uttømande for all internkontroll. Kommunen kan difor innføre annan og meir omfattande internkontroll i tillegg. Men den nye lova var meint å samordne og forenkle regelverket, også for dei mindre kommunane. Samtidig er det stilt opp krav til både aktivitetar og innhald.

Regelverket er med dei nye endringane gjort enklare å praktisere. Kommunedirektøren kan til ein kvar tid gjere eigne vurderingar og prioriteringar i eigen kommune og rette internkontrollen mot område der det er størst behov. Lova gjer greie for konkrete oppgåver som kommunedirektøren til ein kvar tid må vurdere opp mot situasjonen i eigen kommune.

Det er i forarbeida til lova framheva at internkontrollen skal vere **ein løpande prosess** og at dei nye reglane ikkje nødvendigvis skal innebere meir internkontroll, men at den blir betre.

Vektlegginga av internkontrollen er meir synleg i lova der dette området no er vigd eit eige kapittel. I den tidlegare kommunelova (av 1992) var reglane om dette meir «bortgøymde».

Det kan nemnast at internkontroll òg gjeld for kommunale føretak. I føretaket er det styret sitt ansvar på påsjå at dagleg leiar oppfyller lova sine krav til internkontroll.

3. Kvifor er internkontrollen viktig ?

I NOU 2016:4 heiter det:

«Internkontroll er nødvendig for å ha kontroll med kommunens administrasjon. En god internkontroll vil bidra til at kommunane i større grad drives i tråd med gjeldande lover og forskrifter, og at administrasjonen følger opp mål og vedtak de folkevalte organer har fastsett. Dette er igjen viktig for at innbyggjarane skal sikres det de har krav på, for at lokaldemokratiet fungerer ved at beslutninger fra de folkevalgte faktisk følges opp, og for å unngå misligheter og korrupsjon og så vidare. Internkontrollen har således stor betydning både frå et samfunnsmessig perspektiv og for enkeltpersonar.»

Reglane om internkontroll legg ansvaret på kommunedirektøren. Likevel må i praksis heile administrasjonen vere delaktig i å oppfylle internkontrolltiltaka.

I høve til dei **folkevalde** vil internkontrollreglane gjere kommunedirektøren sitt kontrollansvar tydelegare. **Innbyggjarane** i kommunen vil få styrka tillit til at kommunen sjølv følgjer opp og rettar opp det som måtte vere uheldig, slik som vedtak som ikkje er i samsvar med lova, misligheter, korrupsjon o.l., samtidig som det vert levert gode tenester og ikkje minst at den kommunale drifta blir effektiv.

4. Kontrollutvalet si verksemd i høve til internkontrollen

Internkontrollen si innverknad på statleg tilsyn og det kommunale sjølvstyre er allereie nemnd. Tenlege system for internkontroll vil redusere omfanget av feil og avvik, uønskte hendingar, mv. og dermed behovet for hendingsbaserte tilsyn.

Tilsvarande positive verknader vil ein effektiv internkontroll ha for ulike andre område av kommunen sin eigenkontroll, slik som på ansvarsområda for kontrollutvalet og revisjonen.


Kommunestyret har den mest sentrale rolla som kommunen sitt kontrollorgan. Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda.

Kontrollutvalet skal føre ein løpande kontroll i kommunen på kommunestyret sine vegne og rapportere resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret. I § 23-2 gir kommunelova nærare reglar om lovpålagde oppgåver som fell innafor kontrollutvalet sitt ansvar og mynde. I rolla med å utføre kontrollansvaret er kommunen sin administrasjon sentral.

Frå kommunestyret går det ei kontroll-line til kommunedirektøren som, ved sidan av andre kontrollfunksjonar, og skal føre kontroll med kommunen si administrative verksemd gjennom systemet for internkontroll.

Den andre kontroll-lina frå kommunestyret går til kontrollutvalet som er ansvarleg for kontroll og tilsyn med heile den kommunale verksemda, både administrasjonen og dei folkevalde organa.

Prinsippskisse som viser korleis kommunestyret utøver det overordna tilsynsansvaret sitt via dei to styringslinene



Av kommunelova § 23-1 første ledd går det fram at kontrollutvalet «skal føre løpende kontroll» på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet kan i prinsippet behandle eitkvart tilhøve ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll eller tilsyn (jfr. Kontrollutvalsboka, 2. utg. side 12).

Kontrollutvalet har difor høve til å føre kontroll og tilsyn med at kommunedirektøren oppfyller si plikt til å etablere system og rutinar for å oppnå ein føremålstenleg internkontroll. Kontrollutvalet sitt tilsyn kan og omfatte både systema og kommunedirektøren si rapportering til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med at systema på dette området fungerer, blir oppdatert og blir brukt etter si hensikt.

Også i tilknytning til konkrete sakstilfelle kan kontrollutvalet stille spørsmål og vurdere om internkontrollen har hatt den kvaliteten som må forventast, og om uønskt resultat kunne ha vore unngått gjennom ein betre tilpassa internkontroll.

Når det gjeld kommunale foretak vil det vere kontrollutvalet si oppgåve og ansvar å påsjå at styret utfører tilsynsoppgåva si overfor dagleg leiar

5. Praktiske eksempel

5.1. Rutinar ved sjukeheim – liv og helse

Kommunen hadde i fleire år etterlyst ei meir systematisk oppfølging av hjarte- og lungeredning. Då fylkesmannen påpeikte at rutinene for dette umiddelbart måtte endrast, vart det sett opp informasjon om dette på alle vaktrom.

Fylkesmannen kommenterte dette slik:

«Det er etter dette fortsatt uklart for Fylkesmannen hvordan ledelsen ved helsetunet har forsikret seg om at riktige rutiner er implementert og at de er enhetlige», skriv fylkesmannen. «Fylkesmannen savner en redegjørelse for kommunens internkontroll som skal sikre at samtlige ansatte har de nødvendige forutsetningene for å utføre sine arbeidsoppgaver på en forsvarlig måte.»

«Vi ber om at kommunen konkretiserer og dokumenterer dette», skriv fylkesmannen i brevet sitt.

5.2. Brannførebygging i kommunale bygg – avkorting i forsikring

Norsk Kommunalteknisk Forening (NKF), som samarbeider for å bidra til god forvaltning av kommunale bygg, uttalar:

«En utfordring mange oppdager for sent, er at manglende internkontroll kan gi store reduksjoner i et forsikringsoppgjør. Dette kommer på toppen av kostnadene kommunen må beregne når et nytt kommunalt formålsbygg må bygges opp etter det som er brent ned. »,

NKF har utviklet verktøy som skal bidra til å sikre disse rutinene, og som også er nyttig grunnlag når kommunestyrene blir utfordret på å prioritere midler til drift og ikke minst brannførebyggende tiltak.»

5.3. Drikkevatt frå kommunalt anlegg – om vassforsyninga er trygg

«Forhåpentligvis kan du svare at statlige tilsyn og kommunens internkontroll tyder på at alle krav og pålegg blir fulgt, og at målingene så langt viser at vannkvaliteten er god. Og at innbyggerne vil bli varslet så raskt det lar seg gjøre, hvis det skulle oppstå tvil.»
(Kilde: Kommunal Rapport)

6. Kommunedirektøren si rapportering

Etter kommunelova § 25-2 skal kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om internkontroll minst éin gong i året.

«I kravet om *rapportering om internkontrollen* ligger det at det både skal rapporteres om systemer, rutiner og løpende internkontrollarbeid, og det skal rapporteres om konkrete kontroller som er gjennomført. Hvor mye det skal sies om dette, og det generelle omfanget av og detaljeringsgraden på en slik rapportering, er det opp til kommunestyret å bestemme.

Dersom kommunestyret ikke har bestemt noe, vil kommunedirektøren ha frihet til å tilpasse rapporteringen» (**Prop. 46 L (2017-2018 s. 413)**).

I mange tilfelle er internkontrollrapporteringa inntatt i årsberetninga.

Oppsummering

Internkontrollen er betre synleggjort i den nye kommunelova. Både målsetjingane og midlane er enklare formulert. Dermed ligg internkontrollen og opnare og meir tilgjengeleg for kontrollutvalet sin kontroll.

Lova si punktvisse opprekning av minimumskrava gjer at kontrollutvalet som regel vil kunne be om innsyn i korleis oppgåva vert løyst.

At kommunedirektøren har etablert eit forsvarleg system på dette området vil vere naturleg for eit kontrollutval å få orientering om.

Tilråding til vedtak:

1. Kontrollutvalet syner til den store betydninga internkontrollen har for den kommunale verksemda.
2. Utvalet bed om å få ei orientering frå kommunedirektøren om arbeidet med internkontrollen i kommunen.

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Kjetil Kvammen

Juridisk rådgjevar

Kommunelova Kapittel 25. Internkontroll

§ 25-1. Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

§ 25-2. Rapportering til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og statlig tilsyn

Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.



ÅRSMELDING 2020 SULA KONTROLLUTVAL

Bakgrunn:

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 23-1 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- Legge til rette forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet og med sikte på ei berekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rollen sin. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2020 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 17. juni 2019. I forskrifta er det gitt reglar for val og samansetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredsstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i.

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

Etter kommunevalet hausten 2019 fekk utvalet slik samansetting:

Leiar: Olav Bjarne Skodje
Nestleiar: Gunvor R Aannø
Medlem: Aslak Digernes
Medlem: Inger Øien
Medlem: Svein Værnes

Aktiviteten i året

Kontrollutvalet har hatt 6 møte i 2020 og behandla 27 saker. Dette er ein høgare aktivitet enn førre år, og aktiviteten er eit resultat av det behovet kontrollutvalet har hatt for å ta opp fleire saker.

Møtebøker frå kontrollutvalet sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpande oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret blir det sendt sær utskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Diverre har korona situasjonen i Noreg også hatt konsekvensar for Sula kontrollutval. Planlagde konferansar har blitt avlyst og kontrollutval møtet i april blei gjennomført som telefonmøte. Heldigvis har oss gjennomført møta i tråd kommunelegen sine anbefalingar og i tråd med møteplanen.

Når kontrollutvalet har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpande oppfølging av kommunerevisjonen sine merknader. Kontrollutvalet har også fått ei orientering om revisjonsplanen for rekneskapsåret 2020.

Vidare har kontrollutvalet arbeid med plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, rutinar for offentlege innkjøp og anskaffingar, fått orienteringar av administrasjonen omkring heimebasert omsorg, orientering om rullering av arealplan, og fått utarbeid reglement for Sula kontrollutval.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen fram står som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar.

Tilråding til vedtak:

Sula kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2020. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.